

# Strategi for digitalisering i barnehagen



Foto: Sagvåg barnehage avdeling Nysæter

## **STRATEGI FOR DIGITALISERING I BARNEHAGEN**

### **Innhold**

1 Strategidel .....	2
1.1 Mandat og oppbygging .....	2
1.1.1 Bakgrunn .....	2
1.1.2 Strategien .....	2
1.1.3 Definisjon av omgrep.....	2
1.1.4 Mål for Stord kommune sine barnehagar.....	3
1.1.5 Føringar for fagdel.....	3
1.2 Prosess, medverknad og forankring.....	3
1.2.1 Prosess .....	3
1.2.2 Medverknad .....	4
1.2.3 Forankring .....	4
1.3 Overordna føringar.....	5
1.3.1 Rammeplan for barnehagen.....	5
1.3.2 Andre sentrale og relevante dokument.....	6
1.3.3 Kommunale planar .....	7
2 Fagdel .....	8
2.1 Ansvar og roller .....	8
2.2 Kompetanse, pedagogisk innhald og digital infrastruktur.....	10
2.2.1 Kompetanse .....	10
2.2.2 Pedagogisk innhald.....	11
2.2.3 Digital infrastruktur .....	11

# 1 Strategidel

## 1.1 Mandat og oppbygging

### 1.1.1 Bakgrunn

Hausten 2020 vart det starta ein prosess for å få ein felles plan for arbeidet med teknologi og digitalisering i Stord kommune. Strategi for digitalisering i barnehagen er ei konkretisering og tydeleggjering av digitaliseringsaspektet i Rammeplan for barnehagen (2017), og har element frå andre sentrale føringar. Planen er forpliktande for alle aktørar som arbeider med læringsteknologi og digitalisering i kommunale barnehagar i Stord kommune. Strategien er forankra i mandat vedtatt i Utval for Oppvekst og kultur 01.02.2021, og i Kommunestyret.

Arbeid med etablering av overordna strategi for digitalisering i dei kommunale barnehagane i Stord må ha hovudfokus på følgjande punkt:

- Koordinering og samkjøring med kommunen sitt øvrige planverk som kommunen sin overordna digitaliseringsstrategi
- Overordna føringar og fagleg grunnlag
- Forventningar og ansvarsfordeling
- Oppbygning, rammer, prosess og medverknad samt hovudinhald i fagdelen

*Sitat henta frå mandat for strategi for digitalisering i barnehagen*

### 1.1.2 Strategien

Er politisk vedtatt, og gjev føringar for barnehagane i Stord kommune i arbeidet med å konkretisera og kvalitetssikra digital praksis i barnehagane. Strategien viser overordna mål, prosess og medverknad.

Strategi for digitalisering i barnehagen skal bidra til felles fokus og heilskap, sikra eit likeverdig tilbod og gi tydelege forventingar til dei tilsette i barnehagane og IKT-eininga.

For å imøtekome dette er strategi for digitalisering delt i to deler. Strategidelen er til politisk orientering og fagdelen er ein tydeleggjering og konkretisering av måla, fordelt på ansvar og roller.

### 1.1.3 Definisjon av omgrep

**Digitalisering** er effektivisering av arbeidsprosessar ved hjelp av digital teknologi.

**Digital teknologi**, eller læringsteknologi representera produkt eller teneste som takast i bruk i kommunikasjon, overføring, kringkasting, innhenting, organisering, produksjon, lagring, forvaltning og beskyttelse av informasjon og digitalt innhald.

Desse produkta kallar me for **digitale verktøy**, som kan vera nettbrett, mobiltelefon, datamaskin, projektor, Smartboard, programmeringsutstyr, kamera, digital mikroskop, web-kamera, videokamera, GPS, kopimaskin, skrivar, skannar med flerre.



*figur 1 beskriv strategidel*

### 1.1.4 Mål for Stord kommune sine barnehagar

Digitalisering fører med seg nya krav når det gjeld auka digital kompetanse blant tilsette i barnehagane, infrastruktur og ivaretaking av personvern. Måla er i tråd med andre lokale planar og skal bidra til god samhandling og medverknad mellom barnehage og heim. Måla går over tre deler, som til saman skaper ein heilheit.

1. **Kompetanse** – tilsette i barnehagen tileignar seg tilstrekkeleg kompetanse for å etterleve rammeplanen sine målsetjingar og krav, og brukar dei digitale verktøy og samhandlingsformar Stord kommune har.
2. **Pedagogisk innhald** – barna får eit variert barnehagetilbod i tråd med overordna føringar ved at personalet arbeidar etter barnehagane sin visjon *Alle med – Heile vegen*. Den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til leik, kreativitet og læring.
3. **Digital infrastruktur** – Barn, føresette og tilsette skal ha tilgang til tilstrekkeleg, trygg og formålstenleg infrastruktur, som IKT-utstyr, nettverk og tenester, som støttar opp under behovet deira, både administrativt og pedagogisk.
4. **Barnets heilskaplege utvikling** -konsekvensar for barnet ved bruk av digitale verktøy skal sjåast i samanheng med gjeldande tilrådingar og forsking. Barnehagen skal bidra med kunnskap og informasjon som hjelpt å ta vare på heilskapens i barnets utvikling, både i barnehagen og i heimen.

Måla skal bidra til å etterleve Stord kommune sin visjon *saman om utvikling og velferd, og verdiane open, nyskapande, respektfull og brukarorientert*.

### 1.1.5 Føringar for fagdel

Fagdelen konsentrerer seg om tre sentrale satsingsområda som til saman utgjere ei heilskapleg plan: kompetanse, infrastruktur og pedagogisk innhald.

Styrarane si administrative del av arbeidet vert omtalt i overordna digitaliseringsstrategi for Stord kommune. Den skal ivareta målsetjingane i rammeplan for barnehagen, og vera eit verktøy for kvalitetssikring. Det er eit vilkår at han blir fylgt opp med fagleg, pedagogisk og digital kompetanse frå kommunen sentralt. Dette for at han skal fungera etter intensjonen.

Fagdelen skal vera

- Dynamisk og oppdatert
- Ein reiskap for å sikra likeverdig og tilpassa tilbod til barna i dei kommunale barnehagane i Stord kommune
- Eit hjelpemiddel for barnehagane i det daglege arbeidet
- Konkret og tydeleg

## 1.2 Prosess, medverknad og forankring

### 1.2.1 Prosess

Strategien er utarbeida med bakgrunn av vedtak i Kommunestyret 26.11.20 (PS 75/2020, punkt 20), og mandat vedtatt i Utval for Oppvekst og Kultur 01.02.21 (PS 1/2021).

- Saksutgreiing og bakgrunn for mandatet
- Vedtatt mandat i Utval for oppvekst og kultur



figur 2 beskriv fagdel

## 1.2.2 Medverknad

Innspel som har kome inn er trekt inn, og høyringsframlegget er utarbeida av prosjektgruppe nedsett av Rådmannen.

Prosjektgruppe:

- Sanna Kristina Pynnönen, fagavdeling oppvekst og kultur (leiar)
- Ragnhild Omvik Bratseth, hovudtillitsvald Utdanningsforbundet
- Atle Midtbø, IKT-avdelinga
- Elin Karine Haukanes, kommunepsykolog
- Hildebjørg Røssberg, styrar Skogatufto barnehage

Prosjektgruppa fekk i oppdrag å knyta til seg ein representant frå IKT-fagmiljøet på HVL men har ikkje fått det til i prosessen. Førstelektor Anders Nilsen Grov frå HVL kom med bidrag til høyringsinnspelet.

Framlegget er lagt ut til open høyring på kommunen si heimeside, og er sendt til høyring hos

- Kommunale barnehagar i Stord kommune ved styrarar
- PPT
- Utdanningsforbundet
- Fagforbundet
- SU i barnehagane
- Folkehelsekoordinator

## 1.2.3 Forankring

For at fagdelen skal vere oppdatert og relevant, er den forankra i Rammeplanen for barnehagar og kommunale planar. Den krev oppfølging frå områda vist i figur 3 under.



Figur 3 viser kva ressursar ein treng for å få ein heilskapleg fagdel

Fagpersonar på kommunalt nivå ha ansvar for å følgja opp fagdelen når det gjeld

- Sentrale føringer
- Relevant forsking
- Utvikling av læringsressursar
- Kompetanseheving
- Rettleiing og bruk av kommunen sine felles system
- Planlegging, gjennomføring, leiing og evaluering av nettverk
- Pedagogisk bruk av teknologi og digitale verktøy
- Administrasjon og innkjøp

Den samansette prosjektgruppa har sagt seg villig til å fortsette med å bidra i årlege evaluerings- og revideringsprosesser. Andre viktige fagpersonar er styrarar og tillitsvalte.

### 1.3 Overordna føringer

I mandatet står det at *strategien bør ha ein klar føresetnad om å lære barn å koble frå det digitale*. Strategien, innhaldet og fokuset rettar seg mot digitalisering i barnehagen og har hovudfokus på digitalisering, bruk av digitale lærermiddel og læringsteknologi. Når ein ser det totale barnehagetilbodet, og barna sitt møte med digitale lærermiddel i barnehagen, er dette ei lita del av det heilskaplege tilbodet.

#### 1.3.1 Rammeplan for barnehagen

Rammeplan for barnehagen er ei forskrift til barnehagelova. Rammeplanen (2017) seier at barnehagen sin digitale praksis skal bidra til barna sin leik, kreativitet og læring. Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtta opp om barn sine læreprosessar og bidra til å oppfylla rammeplanen sine føringer for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. Bruken av digitale verktøy skal vera ein supplerande arbeidsmåte i barnehagen sin tverrfaglege pedagogiske praksis. Det skal alltid vera tilsett til stade ved bruk av digitale verktøy. Barnehagen skal utøva digital dømmekraft og bidra til at barn utviklar ei begynnande etisk forståing knytt til digitale media.

Bruk av digitale verktøy i barnehagen ikkje berre eit mål i seg sjølv, men eit verktøy for å nå andre mål.

##### Personalet skal

- utøve digital dømmekraft når det gjeld informasjonssøk, ha eit bevisst forhold til opphavsrett og kjeldekritikk og verne om personvern til barna
- leggje til rette for at barn utforskar, leiker, lærer og sjølv skaper noko gjennom digitale uttrykksformer
- vurdere om mediebruken er relevant og eigna, og delta i mediebruken til barna
- utforske kreativ og skapande bruk av digitale verktøy saman med barna

*Figur 5 er eit utklipp frå Rammeplan for barnehagar (2017) s.45.*

### 1.3.2 Andre sentrale og relevante dokument

Utdanningsdirektoratet sine kompetansepakkar Digital praksis og Digital dømmekraft i barnehagen med lederstøtte er laga for at tilsette i barnehagar skal auka den digitale kompetansen sin. Dei viser mellom anna til ulike digitale verktøy som kan brukas til pedagogisk arbeid i barnehagen.

Rett på nett, nasjonal strategi for trygg digital oppvekst publisert av regjeringa i september 2021, byggjer på Meld St 18, og har mellom anna som mål å sikra barn sine rettar, auka barn sin digitale kompetanse, auka den digitale kompetansen hjå dei tilsette i barnehagar, og sikra barn sitt person- og forbrukarvern.

§2 i Lov om barnehagar, barnehagen sitt innhald.

Rammeplan for barnehagen, Kunnskapsdepartementet (2017).

FNs Barnekonvensjon om barnerettar (barnekonvensjonen).

Bergsjø, L.O., Eilifsen, M., Tønnesen, K.T. og Vestbøstad Vik, L.G. (2020). *Barn og unges digitale dømmekraft. Verdiløft i barnehage og skole*. Oslo: Universitetsforlaget.

Du bestemmer eit samarbeidsprosjekt med Datatilsynet og Utdanningsdirektoratet, ein rettleiar for foreldre og tilsette i høve bruk av bilete av barn og pedagogisk dokumentasjon.

I beste mening, ein rettleiar om bilete av barn på nett (2020).

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/profesjonsfaglig-digital-kompetanse/>

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/profesjonsfaglig-digital-kompetanse/utviklingsarbeid-og-det-digitale-i-lareplan-og-rammeplan/>



Foto: Sagvåg barnehage  
avdeling Nysæter



Foto: Sagvåg barnehage avdeling  
Nysæter

Barnehagen skal vere eit profesjonsfagleg fellesskap der eigar, styrarar og tilsette skal ha barnet sitt beste som fokus. Ved auka kunnskap og kompetanse om digital praksis og bruk av digitale verktøy, vil barnehagetilsette slik verta betre rusta til å leva opp til krav og forventingar. Ein skal gjennom samarbeid skapa felles verdiar, vurdera og vidareutvikla praksisen. I fagdelen vert dette tydeleggjort med delmål, strategiar og tiltak for dei ulike aktørane.

### 1.3.3 Kommunale planar

Stord kommune sin strategi for digitalisering i barnehagen skal vera ein del av kommunen sin overordna digitalisingsstrategi. Det vil sei at generelle moment som personvern, sakshandsaming, nettverk og administrativt arbeid som gjeld alle kommunale einingar berre vil inkluderast i strategi for digitalisering i barnehagen i den grad det gjeld særskilt for barnehagane.

Kommunale planar er i stadig endring, og samkjøring av dei vil vera del av fagdelen. Døme på slike planar er:

- Stord kommune sin digitaliseringsstrategi
- Strategi for ein inkluderande barnehage, skule og SFO
- Språkplan for barnehagar
- Plan for eit godt psykososialt barnehagemiljø i kommunale barnehagar

## 2 Fagdel

Fagdelen er ein tydeleggjering av ansvar og roller, og han beskriv mål, strategiar og tiltak. Dokumentet gir retning til vidare arbeid, fordelar ansvar og roller, samt beskriv delmål som skal bidra til å nå måla beskrive under 1.1.4.

### 2.1 Ansvar og roller

Denne delen gir føringar av fordeling av ansvar og roller, og gir grunnlag for evaluering, revidering og oppdatering av fagdelen.

#### Fagdel

Beskriv korleis gjennomføra, fordela ansvar og roller, og har konkrete mål, strategiar og tiltak

#### Politikarane

For å få gjennomført mål og tiltak, er det viktig å ha tilstrekkeleg og relevant IKT-utstyr og kompetanse. Det må difor årleg setjast av midlar til innkjøp av IKT-utstyr og til kompetanseheving i kommuneplanen sin budsjett- og økonomidel.

#### Barnehageeigar

Barnehageeigar skal leggja til rette for relevant kompetanseheving, rammer som sikrar nok utstyr, tryggleik, samt kvalitetssikring av sentrale føringar.

Barnehageeigar skal syta for at strategi for digitalisering i barnehagen vert følgt opp, og syta for støtte og samarbeid. Barnehageeigar skal også følgja med i relevant forsking og syta for at barnehagane sin praksis er i tråd med ny forsking innan området.

Barnehageeigar syt for årleg gjennomgang (evaluering og oppdatering) av fagdelen.

#### Barnehagestyrar

Styrar planlegg og støttar opp om tilsette sitt pedagogiske arbeid med bruk av digitale verktøy gjennom kompetanseutvikling og tilrettelegging av infrastruktur og ved å gjera pedagogisk innhald og verktøy tilgjengeleg for å oppfylla mål for tilsette og barn.

Styrar legg til rette for og motiverer føresette til å gjere seg kjent med grunnleggjande nettvett om t.d. personvern, sensitive opplysingar, publisering av bilete.

Styrar legg til rette for og motiverer føresette til å aktivt bruke dei digitale kommunikasjonsplattformene barnehagane har tatt i bruk, t.d. digital kommunikasjonsløsing og BTI-stafettlogg.

Styrar i barnehagen planlegg og støtter opp tilsette sitt pedagogiske arbeid med IKT, gjennom prioritering av ressursar, kompetanse- og organisasjonsutvikling.

Styrar skal, i samarbeid med IKT-eininga, leggja til rette for at barnehagane har fungerande utstyr.

Styrar skal syta for å følga opp strategi for digitalisering i barnehagen.

Styrar skal følgja med på sentrale føringar og oppdatering av dei, og på relevant forsking.

## Barnehagertilsette

Tilsette i kommunale barnehagar skal arbeida i tråd med Rammeplanen sine føringer og strategi for digitalisering i barnehagen, og gjennom det leggja til retta for at barna tileigner seg digitale ferdigheter og lærer å utnytta digitale læremiddel kreativt og skapande, og at barna opplev at digital teknologi stimulerer til leik, og støttar opp og bidreg til auka læring.

Tilsette skal koma med fagleg innspel til utvikling av strategien.

Tilsette melder behov til eigar v/styrar om kompetanseutvikling i høve bruk av digitale læremiddel.

Tilsette leier digitaliseringsarbeidet i barnehagen og er trygge i val og bruk av digitale læremiddel og ressursar som bidreg til barn si læring.

Tilsette skal vera trygg i bruken av digitale kommunikasjonsverktøy og BTI-modellen.

Tilsette er medvitne om at dei ved si digitale dømmekraft og etiske forståing for digitale media, er med på å utvikla barna si forståing for dette.

Tilsette legg til rette for og motiverer føresette til aktiv bruk av dei digitale kommunikasjonsplattformene barnehagane har tatt i bruk, t.d. digital kommunikasjonsløsing og [BTI](#)-stafettlogg.

Tilsette legg til rette for og motiverer føresette til å gjera seg kjent med grunnleggjande nettvett om t.d. personvern, sensitive opplysingar, publisering av bilete.

## IKT

Eining for IKT bidreg aktivt til å skapa gode rammevilkår for barnehagertilsette sitt pedagogiske og administrative arbeid, og syta for tilstrekkeleg digital infrastruktur.

IKT-eininga har også ansvar for:

Innkjøp/ bestilling, oppsett og drift av datautstyr (PC, nettbrett m.m.)

Drift og vedlikehald av nettverk

Brukarstøtte

Bidra i ROS-analyse ved innkjøp av nye produkt

Teknisk bindeledd mellom leverandørar og oppdragsgjevar

Databehandlaravtalar

Avhending av gammalt/utdatert datautstyr

## Samarbeid med føresette

Føresette skal oppleva at dei digitale kommunikasjonsmetodane barnehagane nyttar er brukarvenlege, trygge, effektive og informative (T.d. digital kommunikasjonsverktøy barnehage-heim, og BTI- stafettlogg).

Føresette opplever at bruk av digitale verktøy i pedagogisk arbeid er relevant og tilpassa barna si modning og interesse.

## 2.2 Kompetanse, pedagogisk innhald og digital infrastruktur

Nedanfor er delmål for kompetanse, pedagogisk innhald og infrastruktur beskrive i tredelte tabellar. Strategiar og tiltak viser kva og korleis det skal gjerast, for å nå måla (sjå under 1.1.4). Delmål, strategi og tiltak skal koplast opp mot og fordelast på ansvar og roller frå førige avsnitt. Til saman dannar dette ein heilskapleg strategi for utvikling og arbeid med digitalisering i barnehagane.

Kompetansehevinga skal bidra til at dei tilsette utviklar si profesjonsfaglege digitale kompetanse og skal føra til auka kvalitet i barnehagetilbodet. Det pedagogiske innhaldet skal vera forankra i lokala planar som sikrar at barnehagane har fokus på språkutvikling, inkludering og trygt og godt barnehagemiljø. Digital infrastruktur skal gi forutsetningar for å arbeide mot måla og sikra at personvern ivaretakast.

Delmåla skal bidra til å nå dei overordna måla (sjå avsnitt under 1.1.4). Delmåla skal sikra progresjon og vise retninga mot prosessar som skal bidra til kompetanseheving hjå tilsette, utvikla kvalitet og nya måtar for barna å læra på og bruk av flerre ressursar.

### 2.2.1 Kompetanse

#### **Delmål**

*Tilsette skal ha god profesjonsfagleg digital kompetanse og gode moglegheiter for kompetanseheving om pedagogisk bruk av IKT.*

#### **Strategi**

Opplæring og kompetanseutvikling i bruk av digitale verktøy.  
Kompetanseheving baserast på den enkelte tilsette si erfaring og kunnskap.  
Barnehagebasert og systematisk kompetanseutvikling.

#### **Tiltak**

Tilsette i barnehagane skal ta i bruk kompetansepakkar frå utdanningsdirektoratet, det skal styrka profesjonsfagleg digital kompetanse.

Ved innføring og innkjøp av nye digitale ressursar og verktøy, skal det alltid gjennomførast kompetansehevingstiltak som gjer dei tilsette i stand til å bruka ressursen eller verktøyet.

Ved større innføringar skal kompetanseplan utarbeidast.

#### **Fagdel**

*Beskriv korleis gjennomføre, fordeler ansvar og roller, konkretiserer mål, strategiar og tiltak*

## 2.2.2 Pedagogisk innhald

<b>Delmål</b>	<b>Strategi</b>	<b>Tiltak</b>
<i>Det er god tilgang på digitale lærermiddel til bruk i arbeidet med fagområda.</i>	<p>Det skal leggjast til rette for varierte skapande og kreative digitale lærermidlar, verktøy og ressursar.</p> <p>Det skal leggjast til rette for tilpassa opplæring med bruk av digitale verktøy.</p> <p>Digitale verktøy og ressursar som ein kjøper inn skal brukast av dei tilsette.</p>	<p>Bruk av digitale verktøy og ressursar skal knytast opp mot andre planar og rettleiarar. Dei tilsette skal sjå samanheng i arbeidet med rammeplan og bruk av digitale verktøy.</p> <p>Det skal etablerast etisk retningsline og rutine for personvern- og tryggleiksvurdering som sikrar effektiv sakshandsaming og kvalitet.</p>

## 2.2.3 Digital infrastruktur

<b>Delmål</b>	<b>Strategi</b>	<b>Tiltak</b>
<i>Barn, føresette og tilsette skal ha tilgang til tilstrekkeleg, trygg og formålstenleg infrastruktur, som IKT-utstyr, nettverk og tenester, som støttar opp under behovet deira, både administrativt og pedagogisk.</i>	<p>Barn, føresette og tilsette sin persondata skal handsamast trygt, og informasjonstryggleik skal vera sentralt i planlegging og gjennomføring av opplæringa.</p> <p>Barnehagane skal investere i utstyr som møter målsetjinga om skapande og kreative digitale verktøy.</p> <p>Barnehageadministrativt system skal vera primære kjeldesystem for administrative data og personopplysingar om alle barn i dei kommunale barnehagane. Systema skal til ein kvar tid vera oppdatert og ivareta personvern.</p>	<p>Alle eksisterande og nye digitale ressursar som er i bruk i kommunale barnehagar, skal personvernverderast.</p> <p>Personvernkonsekvensar skal gjennomførast når det er sannsynleg at ein viss type behandling av personopplysningars medfører høg risiko for at dei registrerte sine rettar og fridom ikkje vert ivaretakne.</p> <p>IKT utarbeider ein felles instruks for rullering, erstatning og ny-innkjøp av maskinvare til dei kommunale barnehagane.</p>